

TEMA: Frå tjoðveg til riksveg 84

KART: 440

Dyrskard

SELJESTADJUDET

For den som kjem frå aust, er AUSTMANNALLA det første møtet med den vestlandske fjellheimen. Der vegen i dag snor seg i spiral inne i fjellet – lik den vidgjetne lindormen som etter segna vart brend på eit berg i Tarjebudalen ovanom Austmannalia – ligg gamlevegen i slyng ned lia, verna som eit veghistorisk minne.

Men den mest dramatiske naturen møter vi på den andre fjellovergangen frå Røldal; over Røldalsfjellet og ned SELJESTADJUDET med utsynet mot Folgefonna i nordvest. Vegen, som ligg i knappe, oppmura hårnålssvingar ned Gorsbotnen, vart bygd i 1859-65. På den andre sida av juvet ser vi dei omhugsame murane under ein eldre kløv-veg.

I Seljestadjuvet står det ei minnestøtte like ved vegen: «Reist til minne om postfører G. Turtveit. Begravet i 56 timer under snekred 3/1 1903. Grov seg ut med posthornet.»

Postruta over fjellet frå Røldal til Seljestad og Odda vart halden oppe som skipostrute heilt fram til 1955. Minnestøtta er ei påminning om kva realitetane i valspråket for Postverket kunne ha å seia i praksis for dei som heldt oppe sambandet – på ski eller til fots – i hogfjellet vintersdag.

Vegen over Haukeliffjell var frå først av ein veg frå «fjord til fjord», frå botnen av Sørfjorden til Dalen i Telemark. Sambandet over Røldal-Haukeliffjell vart av Stortinget sett på som så viktig at veganlegget Odda-Dalen vart vedteke alt i 1853.

I 1865 vart den nye vegen opna; langs den stupbratte fjellsida på austsida av Sandvinvatnet, gjennom fosselandskapet i Oddadalen, opp hårnålssvingane i Seljestadjuvet, over Røldalsfjellet, opp Austmannalia og Tarjebudalen, framom Svandalsflona og Midtlæger, gjennom DYRSKARD og over Ulevå til Telemark. Først i 1887 vart vegen ferdig heilt fram til Dalen. Sommarstid var dette både ei attraktiv og komfortabel reiserute mellom Austland og Vestland; viktig for

utviklinga av turismen. Vegen som går der i dag, følger enno i hovudsak den gamle traséen. I Dyrskard, det høgaste punktet på vegen, ligg den gamle anleggsbrakka. Denne vart også nytta av dei som moka vegen om våren; eit seint og slitsamt arbeid. Ein vanleg teknikk var å «åta» snøen; å strø jord på fonna slik at snøen smelta snøggare. Hordaland vegkontor har sett denne brakka i stand – eit lite, men viktig kulturminne i dette vêrharde skardet.



Dyrskard har nok namnet sitt frå forhistorisk tid. Det må ha samanheng med topografien; ein passasje – ei dør – i landskapet. Rett nord for Dyrskard ligg Middy.

Dyrskard med den restaurerte anleggsbrakka.

På vestsida av Røldal går vegen i store svingar opp Håra eller Hårabakkane, slik vi ser det på dette biletet, «Parti Fra Haare», frå hundreårsskiftet. Namnet vert i dag ofte skrive Horda. Skrivemåten og namnetydinga er omdiskutert. Røldalsbygda i bakgrunnen.

